

Søknad om redusert foreldrebetaling i barnehage og ev. gratis kjernetid jf. forskrift om foreldrebetaling i barnehage § 3.

Nasjonal ordning for reduksjon av foreldrebetaling gjeld frå 1. mai 2015.
Inkje hushald skal betala meir enn 6 prosent av inntekta si for ein barnehageplass.

Alle 2-, 3-, 4-, 5-åringar og barn med utsett skulestart som bur i hushald med låg inntekt, har rett på 20 timar gratis opphaldstid i barnehagen per veke. Denne ordninga gjeld for alle familiar og hushald som har ei samla inntekt på mindre enn kr 669 050.

Opplysingar om barnet	
Namn på barnet	
Fødselsdato	
Barnehage/SFO	
Søknaden gjeld for barnehage-/skuleåret	
Namn og fødselsdato på sysken med plass i barnehage/SFO	

Føresette i hushaldet	
Foreldrebetalinga skal reknast ut frå den samla skattepliktige kapital- og personinntekta i hushaldet. Eit hushald vert definert som ektefellar, registrerte partnarar og sambuarar.	
Namn	Personnummer
Namn	Personnummer

Dei samla skattepliktige kapital- og personinntektene til hushaldet
Jfr. skattemelding punkt 2.1 og 3.1

Kvam herad hentar siste skattemelding/skatteoppgjer frå Skatteetaten. Om du ikkje har skattemelding for i fjor, må du senda inn dei tre siste lønsslippene eller dokumentasjon på manglande inntekt. Ta kontakt for rettleiing.

Underskrift (føresett)		
Stad	Dato	Underskrift til føresette

Søknad med vedlegg skal sendast til Kvam herad, Grovagjelet 16, 5600 Norheimsund



Redusert foreldrebetaling i barnehage og ev. gratis kjernetid jf. forskrift om foreldrebetaling i barnehage § 3

Inkje hushald skal betala meir enn 6 prosent av inntekta si for ein barnehageplass. Makspris for foreldrebetaling er kr 1200 per månad.

Frå august 2025 har alle 2-, 3-, 4-, 5-åringar og barn med utsett skulestart, som bur i familiar eller hushaldingar med samla inntekt på mindre enn 669 050 kr, rett på 20 timar gratis opphaldstid i barnehagen per veke.

1. Syskenmoderasjon på 30 prosent i foreldrebetaling for barn nummer to.
2. Gratis barnehageplass for det tredje barnet som går i barnehagen.
3. Hushald vert definert som ektefellar, registrerte partnarar og sambuarar. Inn under denne ordninga kjem ektepar/sambuarar, forsørgjarar med delt omsorg og einsleg forsørgjar. Som sambuarar reknast to ugifte personar over 18 år som bur saman, og som har budd saman i eit ekteskapsliknande forhold i minst 12 av dei siste 18 månadene, eller har felles barn. Dersom søkjar er sambuar utan felles barn, må søkjar opplysa kommunen om dette.
4. Bur barnet sine foreldre kvar for seg og barnet bur fast hjå begge foreldre, er det inntekta til husholdinga til den forelderen som har same folkeregistrerte adresse som barnet som skal leggjast til grunn i vurderingane.
5. Den samla inntekta til hushaldet er utgangspunkt for redusert foreldrebetaling. Foreldrebetalinga vert rekna ut frå den samla skattepliktige kapital- og personinntekta til hushaldet. Skattemelding frå førre år vert bruka som dokumentasjon. Om du ikkje har skattemelding til dømes grunna kort butid i landet, kan du dokumentera inntekt med lønsslipp eller liknande.
6. Vedtaket gjeld for eitt barnehageår. Etter eitt år må det søkjast på ny med ny dokumentasjon.
7. Alle hushaldingar som får endra sin økonomiske situasjon eller sivile status, plikter å opplysa om dette.

Meir informasjon om denne ordninga finn de på:

<https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/barnehage/foreldrebetaling/>

